

Årsmelding for Volda rideklubb 2008

Styret

Styret i rideklubben har bestått av

Leiar: Edle Holmin

Nestleiar: Ragnhild Ekornrud

Kasserar: Andreas Eikrem

Sekretær: Ann Lajla Brungot

Pr-ansvarlig: Liv Jorunn Nyhagen

1. vara: Ida Kristine Standal

2. vara: Janita Sporstøl

Styret har hatt i alt 13 styremøter.

Året 2008 har vore eit spanande år for Volda rideklubb. Kurs og stemner har vorte arrangert, og vi har hatt eit godt samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb. I tillegg har vi jobba med å finne nytt område til ridebana vår, og det ser ut for at det vil løyse seg på ein veldig bra måte.

Vi har hatt omlag 40 medlemmar i rideklubben.

Kurs

Vi er så heldige å ha ein rideinstruktør buande i Ørsta som kjem ein gong i veka og trenar medlemmer på ridebana, i både sprang og dressur. Ho heiter Anja Kirketeig og er instruktør trinn 2. Medlemmane set pris på å ha ein instruktør som kjem til faste tider. Dessverre spelar ikkje alltid vergudane på lag med oss og mange treningar har vorte avlyst på grunn av snø og isete bane.

I mars hadde vi to helgekurs. Eit med Henriette Skjelbred og eit med Kari Adalbaron Øye. Henriette hadde faste treningar med medlemmer i fjor, før ho flytta til Trøndelag. Det var kjekt for deltakarane å treffe ho igjen. Kari har teke turen innom Volda før, og medlemmane er godt nøgde med henne. Ho rir dressur og sprang på høgt nivå.

I april hadde vi eit kurs med Ove Natland, ein instruktør som har vore her mange gonger tidlegare. Han er rideinstruktør/lærar ved hestelinja på Mo vidaregåande skule og ein dyktig instruktør. I april hadde vi også besøk av Janne Hetle frå Stranda. Ho hadde køyrekurs med medlemmane og

Stig H. Vesteraas er ein køyreinstruktør som har vore her i juni, juli og september. Han underviser i Molde og har jobba for Olaf Nyby.

Andre aktivitetar

Både i mars og august hadde våre firbeinte besøk av equiterapeut Kjersti Anette Botnevik frå Bergen. Ho behandla hestane slik at bevegelsesmønsteret deira skulle bli betre. Ho brukte blant anna magnetdekket og tøyde og masserte for å

oppnå resultat. Mange av klubbens medlemmer var fornøgde med denne behandlinga og merka betring i treninga.

Ellers har vi arrangert barneriding både i mai og juni. I juni var vi med på den faste jonsokfeiringa med både hestar i fantetoget og hestar som barn kunne ri på. I desember fekk vi i gang eit prosjekt der vi skal ha barneriding første søndagen i månaden framover. Dette er noko vi håper barna i bygda vil sette pris på.

I august vart det arrangert eit gratis kurs i Mounted Games. Desverre var det ingen medlemmer som møtte opp denne dagen. Men vi håper å arrangere eit slikt kurs igjen med mange deltakarar.

Stemner

I starten på våren i april hadde vi eit utvida klubbstemne i dressur. Vi hadde ein del utanbygds deltakarar frå Førde, Ørsta, Ålesund, Haram og Eid.

I mai arrangert klubben for første gong eit distriktsstemne i sprang og dressur i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb. Stemnet vart avholdt på ridebana og hallen i Ørsta. Det var eit veldig vellykka stemne med nydeleg ver og nøgde deltakarar.

I slutten av august arrangerte vi eit utvida klubbstemne i sprang og dressur på Solvollen. Det var nydelig sommarver denne helga og vi hadde deltakarar også frå Haram og Sula i tillegg til voldingane.

Då september kom prøvde vi oss igjen på eit distriktsstemne i sprang og dressur i samarbeid med Ørsta ride- og køyreklubb. Desverre var det for få påmeldte til distriktsstemne, så stemnet vart omgjort til utvida klubb. Sprangstemnet vart arrangert i Volda då det kolliderte med andre arrangement i Ørsta.

I oktober inviterte vi til eit distriktsstemne i køyring. Men desverre vart heile stemnet avlyst grunna for få påmeldte. Vi prøvde oss også med eit kurs igjen med Ove Natland, men der vart det også for få folk.

Resultat frå stemner

I sommar vart det arrangert Fjordhest NM i både dressur, sprang og køyring i Førde. Der var det to medlemmer frå Volda rideklubb som utmerka seg. Liv Jorunn Nyhagen vart Norgesmeister senior i Fjordhest og Anna Sve tok juniorplassen som Norgesmeister! Veldig flott prestasjonar frå våre medlemmer, klubben er stolte av desse to.

Ellers har andre medlemmer reist rundt i år og representert klubben andre stader i landet. Blant anna har medlemmer reist til Ålesund, Sula, Eid og Førde.

For året 2009 håper vi å få arrangert mange stemner og kurs med kanskje også nye instruktører. Vi er godt innstilt på å få flytta ridebana vår i sommar og få eit nytt område der både medlemmar og hestar vil trives.